

**Møte om fjellbeite****16.08.2011**

**Torsdag 25.august kl.19 er det  
møte om fjellbeite på Raude Kross  
si hytte ved Fjellhaugenskisenter**

Kvinnherad er ein kommune med store fjell og utmarksressursar. Desse har i generasjonar danna grunnlag for næringsverksemder knytta til beite, jakt og fiske. Fjellviddene våre er og viktige for rekreasjon og friluftsliv.

No ser vi at det skjer store endringar i landskapet. Folk som har levt ei stund ser at der det før var opnevidder og beiteområde, der skyt det no opp busk og kratt.  
Bjørnebøle er eit gammalt ogradisjonsrikt beiteområde i Kvinnherad.

Dei som har dyra sine her ser at tidlegare gode beite er i ferd med å gro att. Når vi kører inn mot Blådalen så kører vi i skog i stadig lengre del av vegen. Dei fleste av oss ynskjer å tavare på dei gode beita og det opne landskapet.

Det vert difor viktig å få fram tiltak som kan motverka den negative utviklinga.  
For å starta eit slikt arbeid har vi invitert Øyvind Vatshelle frå Norsk Landbruksrådgjeving Hordaland, til å koma hit. Beitebruk er noko av det han arbeidar mest med. Viktige tema påmøtet vert vurdering av beitekvalitet, dyretettleik, beiting med ulike dyreslag. Vidare korleis ein kan styra dyra mot dei beste beiteområda. Han kjem og inn på konkrete tiltak i beiteområdet som til dømes sviing og ev. manuell rydding.

Møtet er ope for alle med interesse for fjellbeite og vi vonar at mange kan møta. Sjå annonse i lokalavisene.

Bjørnebøle Beitelag, Norsk Landbruksrådgjeving  
Hordaland og Kvinnheradkommune, verksemd for samfunnsutvikling.